



**FUSA KOMMUNE**  
Teknisk drift

Hålandsdal Idrettslag  
v/Tor Gildestad

**5640 EIKELANDSOSEN**

Løpenummer : 11/3667  
Arkivkode : FA-L12  
Sakshandsamar : Øystein Havsgård  
Direktenr. tlf. : 56580137

Dato : 27.05.2011

Vår ref.:  
Saksnr.: 11/420 - 2  
(Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:

**REGULERINGSPLAN HOLDHUS-OMRÅDET - M.A. VEGKRYSS VED  
AVKJØRSEL FYLKESVEG/KOMMUNAL VEG  
MOT SOLVANG**

Det vert vist til Dykkar brev 25.3.11.

Reguleringsplanen for Holdhusområdet har ikkje vore arbeidd med frå kommunen si side på ei tid. Dette skuldast delvis mange andre oppgåver, men hovudgrunnen er manglande planleggingsmidlar på investeringsbudsjettet. Det vil verta teke opp som eit aktuelt prosjekt nå arbeidet med budsjett 2012 tek til. Med andre ord vil det ikkje bli gjort mykje før i 2012.

Vinteren som gjekk var ein av dei tyngste på lenge vedlikehaldsmessig. Standarden kunne vore betre, men vedlikehaldet var nok i stor grad i samsvar med dei skriftlege rutinane våre. Så vil kommunen sjå på rutinane før neste vinter, og fylgja desse opp. Den standarden me kan halda vil til sist vera heilt avhengig av budsjettrammene våre.

Vegen til Solvang står på lista over vegar som skal utbetrast. Det er likevel to vegar som står før på lista, og med små løyvingar dette året vil det ikkje bli gjort noko utover ordinært vedlikehald før tidlegast i 2012.

Når det gjeld eigedomen sør for idrettsplassen vil dette i første omgang bli brukt som uteområde for barnehagen. Endeleg disponering av arealet vil bli teke stilling til i reguleringsplanarbeidet. Idrettslaget vil bli kontakta når me kjem så langt. Dersom det er aktuelt med mindre justeringar av anlegget før den tid får me diskutera det.

Med helsing

Øystein Havsgård  
Einingsleiar

Kopi til:  
Hans S. Vindenes

---

Besøksadresse:

Postadresse:

P.b 24  
5649 EIKELANDSOSEN

Telefon: 56 58 01 00  
Telefaks: 56 58 01 02

E-post: [postkasse@fusa.kommune.no](mailto:postkasse@fusa.kommune.no)

Fusa Kommune:

Organisasjonsnr.: 964 968 896  
Bankgironr.: 3420 07 00920

